

3. GEBYRREGULATIV FOR ARBEID ETTER MATRIKKELLOVA 2022

Heimel for vedtaket er matrikkellova §32 og føresegnene §16.
Alle saker krev skriftleg rekvisisjon.

3.1 OPPRETNING AV GRUNNEIGEDOM (MATRIKKELEINING)

- 3.1.1 Oppretting av grunneigedom, festegrunn og matrikulering av eksisterande umatrikulert grunn, unnateke offentleg veggrunn.

Areal frå 0 – 250 m ²	kr 17 500
Areal frå 251 – 500 m ²	kr 21 100
Areal frå 501 – 1000 m ²	kr 26 150
Areal frå 1001 – 2000 m ²	kr 30 900
Areal frå 2001 m ² – 5000 m ²	kr 34 150
Areal frå 5000 m ² - auke pr. påbyrja daa	kr 2 550

Ved oppretting av grunneigedom for vertikaldelte tomannsbustadar og liknande, der kommuna anbefalar deling framfor seksjonering, kan gebyret fastsettast særskilt jf. punkt 3.1.2

- 3.1.2 Oppmåling av uteareal på eigarseksjon. Gebyret gjeld pr. eigarseksjon.

Areal frå 0 – 50 m ²	kr 9 750
Areal frå 51 – 250 m ²	kr 11 700
Areal frå 251 – 500 m ²	kr 12 900
Areal frå 501 – 1000 m ²	kr 15 550
Areal frå 1001 – 2000 m ²	kr 19 000
Areal frå 2001 m ² – auke pr. påbyrja daa	kr 2 200

Ved oppmåling av fleire uteareal i same seksjoneringsak, kan gebyret fastsettast særskilt.

- 3.1.3 Oppretting av anleggseigedom

Volum frå 0 – 2000 m ³	kr 27 600
Volum frå 2001 m ³ – auke pr. 1000 m ³	kr 1 350

- 3.1.4 Registrering av jordsameige

Gebyr for registrering av eksisterande jordsameige vert fakturert etter medgått tid.

- 3.1.5 Oppretting av matrikkeleining utan fullført oppmålingsforretning

Gebyr som for 3.1.1, 3.1.3 og 3.1.4. I tillegg kjem tilleggsgebyr på	kr 3 900
---	----------

- 3.1.6 Oppmålingsforretning over punkt feste

Gebyr for oppmålingsforretning over innmålt punkt feste.	kr 9 000
--	----------

For bebygd og kartlagt punkt feste (utan markarbeid) bereknast 50 % av gebyret for innmålt punkt feste

- 3.1.7 Hensiktsmessig tomttearronding (grensejustering)

Justering av mindre areal jf. punkt 3.2.1 berre i samband med anna oppmålingsforretning	kr 3 850
---	----------

3.2 GRENSEJUSTERING

3.2.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige.

Ved gebyr for grensejustering kan arealet for involverte eigedomar ikkje justerast med meir enn 5% av eigedomen sitt areal og maksimalt 500 m². Ein eigedom kan likevel ikkje avgi areal som i sum overstig 20 % av eigedomen sitt areal før justeringa.

Areal frå 0 – 250 m ²	kr 11 700
Areal frå 251 – 500 m ²	kr 13 650

3.2.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volumet endrast med inntil 5% av anleggseigedomen sitt volum. Den maksimale grensa er sett til 1000 m³.

Volum frå 0 – 250 m ³	kr 14 450
Volum frå 251 – 1000 m ³	kr 21 400

3.3 AREALOVERFØRING

3.3.1 Grunneigedom, festegrunn og jordsameige

Ved arealoverføring skal oppmålingsforretning og tinglysing utførast. Arealoverføring gjeld i hovudsak ved offentleg vegføremål, og ved overføring av areal mellom eigedomar med lik heimelshavar.

Areal frå 0 – 250 m ²	kr 15 650
Areal frå 251 – 500 m ²	kr 19 450
Areal frå 501 m ² – auke pr. påbyrja 500 m ²	kr 1 350

3.3.2 Anleggseigedom

For anleggseigedom kan volum som skal overførast frå ei matrikkeleining til ei anna, ikkje vere registrert på ei tredje matrikkeleining. Volum kan berre overførast til ei matrikkeleining dersom vilkåra for samanslåing er tilstades. Matrikkeleininga skal utgjere eit samanhengande volum.

Volum frå 0 – 250 m ³	kr 18 150
Volum frå 251 – 500 m ³	kr 21 400
Volumoverføring frå 501 m ³ – auke pr påbyrja 500 m ³	kr 1 700

3.4 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA TIDLEGARE ER KOORDINATBESTEMT

Gebyr for inntil 2 punkt	kr 5 100
Auke i gebyr for kvart nytt punkt	kr 750

3.5 KLARLEGGING AV EKSISTERANDE GRENSE DER GRENSA IKKJE TIDLEGARE ER KOORDINATBESTEMT

Gebyr for inntil 2 punkt	kr 10 800
Auke i gebyr for kvart nytt punkt	kr 1 950

3.6 AVBROT I OPPMÅLINGSFORRETNING ELLER MATRIKULERING

Gebyr for utført arbeid når til dømes ei sak vert trekt før den er fullført, avvist, ikkje let seg matrikkelføre på grunn av endra heimelstilhøve, eller av andre grunnar ikkje kan fullførast, vert sett til 1/3 av gebyrsatsane når oppmålingsforretning ikkje er utført, og til 2/3 av aktuell sats etter at oppmålingsforretning er utført.

3.7 GEBYR UTREKNA ETTER MEDGÅTT TID

Opgåver som ikkje direkte kan samanliknast med fastsette gebyr vert å fakturere etter medgått tid. Oppmålingsforretning til landbruks-, og større almennyttige føremål skal fakturerast etter medgått tid.

Timepris kr 1 350

3.8 TIDSFRISTAR I SAKER SOM KREV OPPMÅLINGSFORRETNING

Dei fristane som gjeld etter matrikkelforskrifta § 18 gjeld ikkje i månadane desember, januar, februar og mars.

3.9 URIMELEG GEBYR

Dersom gebyret framstår som urimleg i forhold til prinsippa som er lagt til grunn, kan rådmannen, eller den han har gitt fullmakt, med bakgrunn i grunngitt søknad frå fakturamottakar, fastsette eit redusert gebyr

3.10 REGLAR FOR BETALING

Gebyr etter desse satsane skal vere betalt før arbeid vert sett i gang. Betaling skjer etter dei satsane som gjeld på søknadstidpunktet (forutsatt komplett søknad). Gebyr som skal betalast etter medgått tid forfell til betaling seinast 30 dagar etter utsending.

Tinglysingsgebyr og eventuell dokumentavgift kjem i tillegg. Kommunen krev inn dei tinglysingsgebyra og dokumentavgiftene som sakene utløyser.

3.11 UTFERDING AV MATRIKKELBREV

Matrikkelbrev inntil 10 sider	kr 175
Matrikkelbrev over 10 sider	kr 350

Endringar av maksimalsatsane blir regulert av Statens kartverk i takt med den årlege kostnadsutviklinga. Maksimalsatsar skal nyttast.